



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
18.08.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/834 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på eige og inntekt pr. 31.juli 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på eige og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 31.juli d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,8 prosent dei første 7 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 2,3 prosent.

Innbetalt skatt pr. 31. juli d.å. i prosent av budsjett 2014 var 62,3 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 60,8 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 2,1 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet med i underkant av 3,0 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

